

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR JENSHOLMEN, HERØY KOMMUNE. 28.04.08.

Revidert den 20.10.09, sist 12.04.2010

FELLESFØRESEGNER

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor denne grensa skal areala disponerast som vist på planen.

§ 2

Arealet innanfor reguleringsgrensa er regulert til:

- I Bygeområde
 - utleiehytter
 - forretning, kontor m.v.
 - naust, båthus

- II Offentleg trafikkområde
 - køyreveg
 - parkeringsplass
 - annan veggrunn

- III Spesialområde
 - friluftsområde (på land)
 - privat småbåtanlegg (land)
 - privat småbåtanlegg (sjø)
 - frisiktsone
 - privat veg

§ 3

Desse reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova(85) og bygningsvedtektene for Herøy kommune.

§ 4

Etter at desse reguleringsføresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å vedta private særrettar som er i strid med føresegnene.

§ 5

Kommunen kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene innanfor ramma av bygningslova(85) og bygningsvedtektene for Herøy kommune.

§ 6

Kommunen skal sjå til at bygningane får ei god form med høveleg materialbruk, og at det harmonerer med omgivnadene. Utvendige fargar skal godkjennast av kommunen.

§ 7

Alle bygningane skal i prinsippet plasserast som vist i planen, men kommunen kan ved byggemelding godkjenne anna plassering.

§ 8

For avkøyrsløp til riksvegen må det innanfor frisisiklinene vere fri sikt i ei høgd av 0,50 m over planum.

FØRESEGNER FOR OMRÅDE MED UMLEIGEHTTTER

§ 9

På området kan det byggast utleigehttter i ein etasje med hems. Maksimalhøgda skal ikkje vere over 4,0 meter. Kommunen kan tillate mindre endringar av høgden. Dei nye hyttene er nummererte frå 1-7 på planen.

For hytte nummer 5, 6 og 7 må det gjennomførast støyvurderingar og eventuelt gjennomførast tiltak for å imøtekome støykrava før desse kan byggjast.

§ 10

Ved hyttene skal det opparbeidast ein oppstillingsplass for bil pr. hytte.

FØRESEGNER FOR OMRÅDE FOR FORRETNING/KONTOR

§ 11

På området kan det byggast kro i ein etasje.

FØRESEGNER FOR NAUSTOMRÅDE

§ 12

På området kan det byggast naust i ein etasje med hems. Maksimalhøgda skal ikkje vere over 5,0 meter. Dei 21 nausta skal plasserast som vist innanfor føremål småbåtanlegg på land mot aust.

FØRESEGNER FOR OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

§ 13

Forbikøyringslomma i krysset langs riksvegen skal vere ferdig opparbeidd før den nye småbåthamna kan takast i bruk.

§ 14

På parkeringsplassen skal det vere plass til ein bil pr. 3 båt plassar. Parkeringsarealet skal opparbeidast samstundes med utlegging av flytebrygger i småbåthamna.

FØRESEGNER FOR SPESIALOMRÅDA

§ 15

Innanfor friluftsområda kan det ikkje gjerast terrenginngrep eller førast opp bygningar.

§ 16

Småbåthamna i aust skal oppførast med fast molo mot vest og bølgedempar mot nord og aust.

Fosnavåg 28.04.08
HERØY KOMMUNE

Fosnavåg 1.2.2011

